

---

**Fra:** Tveit Vigdis <vigdis.tveit@vegvesen.no>  
**Sendt:** onsdag 14. november 2018 09:37  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Svar til varsel om oppmålingsforretning - gnr. 106 bnr. 12 - ArkivsakID 2018/2155

Vi viser til varsel om arealoverføring til 106/17 i Lindås kommune.

Det ser ut for at denne vegen ikkje har vore endra sidan den vart bygd. Dermed må vi forholde oss til at den er etablert etter veglova av 1912, noko som medfører ein generell grenseavstand på 1,5 meter frå ytre vegskulder.

Det er oppført i avleveringsprotokollen at den overordna skal vere bygd med 4 meter planeringsbreidde, men på den aktuelle staden viser ortofoto at vegen ikkje er så brei. Det som ortofoto likevel ikkje kan vise, er kor vidt vegen ligg på berande fylling.

Grenseavstand langs Fv.400 på denne staden er minimum 1,5 meter. Der vegen ligg på berande fylling ligg eksisterande grense minimum 0,5 meter frå fot fylling, dog aldri nærare enn 1,5 meter frå ytre vegskulder.

Vi har diverre ikkje høve til å møte på forretninga, og håpar at ovanståande kan vere nok informasjon til å kunne påvise vegen si eksisterande grense i samband med forretninga.

Med helsing  
Vigdis Tveit

**Seksjon:** Eigedomssesksjonen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516208 **Mobil:** +47 99575634 **e-post/Skype:** [vigdis.tveit@vegvesen.no](mailto:vigdis.tveit@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?